

Årsplan

2025/2026



Open, engasjert og modig

Innhald

Føremålet med barnehagen sin årsplan	3
Årsplanen sin funksjon.....	3
Barnehagen sitt samfunnsmandat.....	4
Organisering av dei kommunale barnehagane i Ålesund.....	5
Valle barnehage.....	6
Barnehagen vår	6
Visjon	7
Verdiar	7
Barnehagen sitt innhald	11
Barnehagen sine satsingsområder	14
Barns medverknad.....	16
Samarbeid	17
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	17
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar	18
Tieiplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt.....	20
Overgangar.....	21
Når barnet byrjar i barnehagen	21
Overgongar i barnehagen	22
Overgangen mellom barnehage og skule	22
Barnehagen som pedagogisk verksemd	24
Planlegging.....	24
Vurdering.....	25
Dokumentasjon	26
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte	27
Arbeidsmåttane til barnehagen	28
Progresjon.....	28
Fagområda	29
Årshjul.....	32
Kjelder	33

Førmålet med barnehagen sin årsplan

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.

(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen brukar barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndighetene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

Barnehaugen sitt samfunnsmandat

Barnehaugen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehaugen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærleghet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.


Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverking tilpassa alder og forutsetningar.

Barnehaugen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehaugen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehaugelova, 2005, §1. Formål)

Organisering av de kommunale barnehagene i Ålesund



Valle barnehage

Barnehagen vår

Valle barnehage er eigd og driven av Ålesund kommune. Den blei bygd på 90-tallet, og i 2008 blei barnehagen utvida og fekk nye lokale. I dag er alle dei kommunale barnehagane delt inn i verksemder. Valle barnehage er ein av seks barnehagar som til saman utgjer Verksemd Ålesund Indre og Nordre (Harøy, Stette, Skodje, Prestemarka, Valle og Årøyhaugen barnehage)

Alle verksemder har eigen verksemdsleiar og kvar barnehage har eigen styrar. Valle barnehage har barnehageåret 2025/26, 1 avdeling, og pr august 2025 har vi 18 barn og 4,4 tilsette

Barnehagen ligg midt i flott naturområde med utsikt til fjord og fjell. Det betyr at vi lett kan nytte både fjell, skog og fjøre når vi legg ut på tur. Vi har nær tilknyting til Valle skule med tilgang til gymsal og samarbeid angående overgang til skule.

Frå 6. oktober og ca 1,5 år framover skal Valle barnehage flytte inn på Prestemarka barnehage, mens barnehagen blir totalrenovert. Valle barnehage skal drives som eigen barnehage, men det er naturleg med eit samarbeid om enkelte ting ifht at vi skal dele kjøkken, uteareal etc. Vi vil være på avdeling Berget i denne perioden.

Prestemarka barnehage ligg i naturskjønne omgjevnader i Skodje sentrum. I tillegg til at vi ligg nært både bibliotek, idrettshall, fotballbaner og barneskulen har vi har kort veg til sjø, skogsterreng, lysløype, turstiar og gapahukar. Prestemarka barnehage opna august 2014 i eit nybygg som har kapasitet til å drive med 120 barnehageplassar.

Valle barnehage

Telefonnummer

958 755 69, verksemdsleiar

952 54 713, styrar

411 76 130/917 37 560 Furuhaugen

sigrun.vollen@alesund.kommune.no
janne.aamelfot@alesund.kommune.no

Visjon

Visjon i Valle barnehage

Med barnet i sentrum

Positiv vekst gjennom lek og læring i eit miljø prega av tryggleik, kreativitet og gjensidig respekt.

Vår visjon heng nært saman med verdiane i rammeplan for barnehage og dei overordna verdiane til Ålesund kommune. Valga vi tek i kvardagen og vår veremåte i relasjonen til barna, medarbeidere og foresatte vil henge tett sammen med korleis vi jobber mot visjonen vår eller ikkje. Vi arbeider heile tida med å gjere visjonen vår synleg, den skal vere utgangspunktet for alt arbeidet som vi gjer i Valle barnehage. Visjonen skal vere ein raud tråd, i planer, gjennomføring, dokumentasjon og evaluering. Visjonen vår skal vere levande gjennom arbeidsdagen og bli reflektert og vurdert på faste møteplasser.

Verdiar

I følgje rammeplanen skal verdigrunnlaget til barnehagen, formidlast, praktisere og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Vårt samfunnsmandat er i samarbeid og forståing med heimen å ivareta barna sitt behov for omsorg, lek, og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Vi må sjå omsorg, danning, lek og læring i ein samanheng:

OPEN-MODIG-ENGASJERT

Verdiane til Ålesund kommune open, modig og engasjert, er sentrale for korleis barnehagen jobber med barna, foreldre og kvarandre i kvardagen. Her er en kort beskrivelse av kva disse verdiane kan bety i praksis:

Open: På Valle barnehage er det viktig for oss og vere lyttande og annerkjennande mot barn, foresette og medarbeidarane våre.

Ei forutsetning for dette er gjensidig respekt og at vi er opne og rause med kvarandre.

Modig: På Valle barnehage, skal vi tørre å seie meininga vår, vi skal tørre å ta ei avgjerd på vegne av barna. Vi skal tørre å prøve, feile og prøve igjen.

Engasjert: På Valle barnehage, skal vi vere påkobla og tilstades for barn, medarbeiderar og føresette. Vi skal vere engasjerte og støttande i lek og aktivitetar.

Verdiane våre heng synleg i barnehagen, slik at vi er minna på dei.

Verdiar knytta til heilskaplig og livslang læring

Barnehagen bidreg til å danne eit godt grunnlag for livslang læring og aktiv deltaking for barna i eit demokratisk samfunn. Ifølge rammeplanen skal barnehagen sitt verdigrunnlag formidlast, praktisera og opplevast gjennomgåande i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Desse verdiane er demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse.

Demokrati

Demokrati i Valle barnehage handler om å gi barn mulighet til å medvirke, bli høyrte og delta i beslutningar som angår deira kvardag. Dette er forankret i både barnehagelova og rammeplanen for barnehager i Norge.

Mangfald og gjensidig respekt

I Valle barnehage verdset vi samarbeid og inkludering frå heimane og vi ønsker å synleggjere det rike mangfaldet. Dette gjer vi for eksempel gjennom å ha samefolkets dag, vi lesar bøker/eventyr på ulike språk. Det handlar om at vi skal våge å løfte fram ulikskapane og bidra til at barna og familiane kjenner seg stolte av sin bakgrunn. Vi er ulike saman.

Likestilling og likeverd

I Valle barnehage har alle et ansvar for å gi alle barn omsorg og kjærighet, uavhengig av bakgrunn.

Trygghet og anerkjennelse er grunnleggende for barns utvikling og trivsel.

Berekraftig utvikling

Barna i Valle barnehage skal få gode opplevingar av naturen og erfare at naturen er levande, verdifull og verdt å ta vare på. Personalet skal vise barna at naturen har nytte av at vi tek vare på den, at vi ryddar etter oss når vi er ute og at vi hjelper til med å ta vare på dyr og natur. Vi deltek blant anna i den årlege «Ruskeaksjonen», og vi kjeldesorterer avfallet i barnehagen. Vi skal vise barna kva vi får frå naturen og at det vi får skal vare og vere att til andre når vi er ferdig. I Valle barnehage gir vi barna naturopplevingar. Vi ønsker at barna blir kjend med mangfaldet i naturen og at dei får opplevingar med å kjenne tilhøyrsl til naturen. Vi legg vekt på sporlaus ferdsel når vi nyttar naturen som læringsarena.

Livsmestring og helse

Livsmestring og helse er et sentralt tema i barnehagen, og er en del av Rammeplanen for barnehagen. Dette handlar om å gi barna verkøy og erfaringer som styrker deira psykiske og fysiske helse, samt evna til å mestre små og store utfordringer i livet. Gode erfaringer i barnehagen gir et viktig grunnlag for vidare utvikling, læring og helse.

På Valle er alle ansatte kjent med barnehagelovens **§ 41. 42 og 43** som handlar om å sikre et trygt og godt psykososialt miljø for alle barn i barnehagen. Disse paragrafane gir tydelige føringer for korleis ansatte skal forebygge, oppdage og håndtere krenkelsar og mistrivsel blant barna.

Vi har eigne prosedyrer for korleis varsle og følge opp avvik, og alt arbeid skal dokumenterast.

§ 41 – Nulltoleranse og forebyggande arbeid

Innhald: Barnehagen skal ha nulltoleranse for krenkelsar som mobbing, utestenging, vald, diskriminering og trakassering. Alle ansatte har plikt til å gripe inn og forebygge slike hendelser.

§ 42 – Aktivitetsplikt

§ 43 – Skjerpa aktivitetsplikt

Innhald: Dersom ein ansatt får mistanke om at ein annan ansatt krenker eit barn, skal det straks meldast til styrar. viss mistanken gjeld styrar, skal det meldast til barnehageeigar.

Ålesund kommune har en egen plan som heiter "Plan for trygt og godt psykososialt barnehagemiljø". Planen skal gi en oversikt over det systematiske arbeidet som gjerast, og samtidig vere et verktøy som viser korleis vi kan arbeide for et trygt og godt barnehagemiljø.

Målet med planen er:

- Å bidra til å øke personalets kunnskap om forebygging, avdekking og håndtering av mobbing og annen krenkende atferd, jf. kapittel VIII i barnehageloven.
- Å bidra til en sammenheng mellom lovtekst og pedagogisk praksis i barnehagen.
- Å bidra i arbeidet med å fremme helse, trivsel, lek og læring for alle barn.
- Å bidra til et miljø i barnehagene med nulltoleranse for mobbing og andre krenkelser blant både barn, ansatte og foreldre.

Barnehagen sitt innhald

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

(Rammeplanen kap. 3)

Vi brukar rammeplanen til all planlegging i Valle barnehage, deriblant er omsorg, leik, læring og danning viktig utgangspunkt for det daglige arbeidet vårt

Omsorg

Vi i Valle barnehage er opptekne av at barna skal gå inn i trygge og gode relasjonar med barn og vaksne på avdelingane. Med dette meiner vi at dagane skal vere prega av at barna skal få nærleik, føle seg sett, høyrte og anerkjent og alle primærbehova blir dekt. Barna skal få den tida dei treng til å føle seg trygge. I starten synes vi det er heilt greit at barna får velje seg den vaksne dei peikar ut som den trygge. Deretter kan vi utvide tryggleikssirkelen deira. Ved god omsorg styrkar dette barnets føresetnader for å utvikle tillit til seg sjølv og andre.

Dagen i barnehagen skal vere prega av omsorg, glede og eit godt fellesskap der alle opplever at dei har gode vener å leike saman med. Sosial kompetanse blir utvikla kontinuerlig gjennom handlingar og opplevingar gjennom kvardagen vår. Vi vaksne ønskjer å vere gode rollemodellar for barna. Vi ønskjer at barna skal få innleving i andre sine kjensler og at dei skal forstå andre sine perspektiv og tankar.

Leik

Vi legg opp til mykje leik på avdelingane. Leik er som eit fellesspråk, og er ein viktig arena for barns utvikling og læring. Leik er derfor ikkje berre leik, leik gir glede og er lystbetont. Gjennom leik utviklar og bygg barna sosial kompetanse, skapar verdifull læring og erfaringar. Barna bearbeidar inntrykk, tilpassar seg og viser evna til å slappe av, la seg rive med og ha det morosamt aleine eller saman med andre. Barn skal meistre og

kome ut og inn i leik men også kunne oppretthalde den, her blir vaksenrolla viktig for oss. Vi vaksne må vere bevisste i rolla vår, hjelpe barna, sette ord på og observere og reflektere over leiken. Vi skal være leikande og tilstadeværande vaksne.

Læring

Kvardagsaktivitetane i barnehagen vil gjenta seg kvar einaste dag. Det er svært viktig for denne aldersgruppa. Det å ha faste rutinar og rammer er med å skape oversikt og tryggleik for borna. I desse rutinane føregår det meste av læringa til det å bli eit sosialt menneske. Læring skjer igjennom all aktivitet og dagleg samspel med kvarandre. Barna lærer det å dele, vente på tur, korleis dei skal være mot kvarandre, grensesetting og mykje meir. Læring handlar om å prøve og feile. Prøve på nytt og til slutt meistre. Vi er oppteken av å legge til rette for at alle barna skal få halde på med noko dei er trygg på, likar og samtidig gi dei utfordringar i høve til det dei meistrar i dag og det dei kan meistre i morgon.

Danning

I fellesskap med andre utviklar barn sin identitet og sjølvstendigheit. Barnet samlar erfaringar gjennom kva det gjer, kva tilbakemeldingar det får av andre og kva det opplever. Dei tilsette skal anerkjenne barna med tankar, kjensler og intensjonar, og støtte barna sine forsøk på å skape mening i den verda dei er ein del av. Danning skjer i nære relasjonar til andre og på ulike arenaer gjennom heile livet. Danning byggjer på erfaringar. Erfaringane omfattar alt kva eit menneske aktivt gjer og opplever.

Fysisk miljø

Det fysiske miljøet i Valle barnehage ber preg av eit miljø der det skjer mange spennande prosessar. Gruppene og barna som oppheld seg på romma gir sitt preg og dei innreier romma etter sine behov og etter ulike prosjekt. Valle barnehage har eit fint uteområde som innbyr til fri utfolding og bruk av fantasien.

Vennskap og fellesskap

Vennskap og fellesskap i barnehagen er helt sentralt for barns trivsel, utvikling og læring. Dette er temaer som står i fokus både i rammeplanen for barnehagen og i det daglige arbeidet med barna.

Barn som har tilgang på leikekameratar og leik kvar dag, har eit stort fortrinn framfør dei som står utanfor leikefellesskapet. I leik lærer barna blant anna sosial kompetanse. Dei er i samspel med andre barn, knyt vennskap, løyser konflikter og så vidare. Dei utviklar også språket sitt både verbalt og nonverbalt. Ved å late som, går barna inn i ei eiga fantasiverd kor dei tek andre sitt perspektiv og gjev rom for tankar og kjensler. Dette utviklar evna til å ta sosiale roller og gjennom leiken lærer barna at andre tenkjer og føler annleis enn dei sjølve. I leiken overfører også barna barneulturelle tradisjonar frå dei eldste til dei yngste. I Valle barnehage skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og tilsette. Barn si sjølvkjensle skal støttast, samtidig som dei skal få hjelp til å meistre balansen mellom å ta i vare egne behov, og det å ta omsyn til andre sine behov. Vi skal støtte barna sine initiativ til samspel og medverke til at alle kan få leike med andre, oppleve venskap og behalde venskap. Vi jobbar også med å skape gode relasjonar mellom barna og mellom tilsette og barn. Dette gjer vi ved å vere nære og deltakande vaksne. Vi kartlegg også relasjonane våre til alle barna i gruppa to gonger i året for å sikre at vi har gode relasjonar til alle barna. Vi bruker tid med barna til å snakke og lære om egne og andre sine.

Kommunikasjon og språk

Språket påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Vi i Valle barnehage har ansvar for å invitere barna med i språklege aktivitetar, både verbale og nonverbale. Dei tilsette legg til rette for at alle får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, og som reiskap for å uttrykke egne meiningar, tankar og kjensler. Vi skal anerkjenne og respondere på barna sine ulike verbale og non-verbale uttrykk, og støtte deira språkutvikling. Vi veit av erfaring og forskning at det er ein samanheng mellom språkvanskar og sosiale vanskar, og at personalet i barnehagen har eit stort ansvar for å fange opp

og sette inn tiltak så tidleg som mogleg. Dagane i barnehagen er fulle av situasjonar der barna kan bruke og utvikle språket sitt; eit godt språkmiljø er prega av at personalet brukar språket i samspel med barna heile dagen. I følgje utdanningsdirektoratet skjer det meste og viktigaste av språkstimuleringsarbeid i barnehagen gjennom kvardagssituasjonar.

Kommende barnehageår so skal alle barnehager i Ålesund kommune arbeide med innføring av språkplanen. Planen skal sikre systematisk språkstimulering og vere forankret i de kommunale prinsippene, slik at det blir ein raud tråd mellom barnehage og skule. Vi skal også jobbe med språkplanen i årets rekom arbeid.

Barnehagen sine satsingsområde

Vi jobbar kontinuerleg med fagområda, kvardagsaktivitetar og prosjektarbeid. Men kvart år vel vi oss nokre satsingsområde som vi har ekstra fokus på gjennom året. Hovudsatsingsområdet for barnehageåret 2025-26 er: Leik og trivsel ute.

I Valle barnehage har vi satsingsområdet leik og trivsel ute. Vi har vald dette med tanke på at barnehagen ligg i eit nærområdet som er rikt på turområde og stort mangfald i flora og fauna. Hausting av vekstar til bruk i mat og kjennskap om kva ein ikkje skal ete, er både smakfullt og lurt.

Matlaging ute, gir andre opplevingar for barn og vaksne. Det smakar betre og det gjer turen eller utetida kjekkare, og dermed blir heile opplevinga ute positiv, sjølv om veret ikkje alltid er det beste.

Barn som er mykje ute, får god kjennskap om riktige kle og at det å fryse ikkje er godt. Dei blir meir robuste med tanke på friluftsopplevingar og at vi kan være ute heile året, då dette er Norske tradisjonar som vi ønsker å ta vare på.

Barn som er i stor aktivitet, lærer mykje om eigen kropp. Dei kan til dømes lære at dei er for små, for store, at dei blir trøtt og sliten eller svolten når dei er aktiv. God niste på tur og

tilstrekkeleg niste, gir fort energien tilbake og den gode leiken og turopplevinga kan halde fram. Vi ønsker at alle barn har eigen sekk med drikkeflaske, matboks, og sitjeunderlag, slik at dette blir ein naturleg del å ha med på både korte og lange turar.

I all aktivitet ute får barna brukt sansane sine. Når dei sit på dissa er der vestibulær sansen dei brukar og den er avgjerande for balansen og kroppen si plassering i rommet. Den taktile sansen brukar dei når dei er bort i ting ute enten med hender eller kropp. Er det mjukt, hardt, vått eller kaldt, kan dei få svar på her.

Smak og luktesansen hjelper oss å finne både gode smaker og lukter, og dei som ikkje er fult så godt. Om katten har vore i sandkassa, kjenner vi godt det, og om vi finner surgras eller markjordbær vil vi gjerne smake litt. Mat på bål har mange lukter og smakar som kan være spennande.

Kinetiske sansen er korleis ein bruker kroppen i all slags terreng, og i alle aktivitetar der kroppen er i bruk.

Hørsel er viktig både ute og inne. Når vi er ute og på tur, bruker ein vaksen fløyte for å tilkalle barna slik at ein slepp å rope. Dette skal gjere barna merksam på at noko skal skje.

Gjennom frileik og tilrettelagte aktivitetar ute og på tur, får barna motorisk kompetanse og dette kan være med å førebyggje muskel og skjelett plager i oppveksten. Barn som er mykje ute saman med engasjerte vaksne får kjennskap til ressursane som finns i nærmiljøet og kan vidareføre dette til neste generasjonar.

Regionalt samarbeid for kompetanseutvikling i barnehage – REKOMP

Regional ordning for kompetanseutvikling skal stimulere til godt samarbeid mellom barnehagemyndighetene, barnehageeigarar, universitet og høgskular, Statsforvaltaren og andre aktørar. Ordninga bør sjåast i ein samanheng med andre satsingar og kompetansetiltak, til dømes kompetanseløftet for spesialpedagogikk. Den skal bidra til ei felles retning og forutsigbarheit for aktørane ved at det blir etablert samarbeidsforum der aktørane blir samde om ein langsiktig kompetanseplan for tilhøyrande regionar. Målet med Rekomp er å sikre at alle barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet og skal bidra til å nå sektormåla for barnehage og nå måla i kompetanse for framtidens barnehage.

Barnehageåret 2025/26 so arbeider Valle barnehage med språkutvikling og språkvanskar, vi vil dette året arbeide med problemstillinga, korleis kan vi vaksne vere gode språkmodellar i barnemøta våre.

Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehagar kap. II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr. 1.

I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

Å jobbe med barns medverknad i barnehagen handlar om å gi barna reell innflytelse på sin egen kvardag, og å anerkjenne dei som kompetente individ med rett til å bli hørt. Dette er forankra i både barnehagelova og Rammeplanen for barnehagen.

Verdien av pedagogisk dokumentasjon henger nøye saman med barnesyn der alle barn sjåast på som kompetente, med evne, vilje og lyst til å utforske, leke og lære. Dette setter barns medvirkning i planleggingsarbeidet i system og oppmunterer til ein nysgjerrighetskultur der utforskning er en sentral vei til læring. Barna skal ta valg i leiken som dei er med på ilag med andre barn, bli respektert for den dei er, respektere andre og sette grenser for seg sjølv.

Barns medvirkning varierer etter alder og modenhet på barna, dei tilsette må da tilrettelegge for mestring i dei forskjellige utviklingstrinna.

I prosessen der barn medverker skal vi legge til rette for at barna også får være med gjennom heile fasen-planlegge, gjennomføre og evaluere. Når barna får vere med i denne prosessen, vil de få kjennskap til å medverke i ulike situasjonar som igjen fører til utvikling, læring og etter kvart endringar i barns åtferdsmønster og opplevingar av ein meningsfull barndom.

Barna i Valle barnehage får og medverke gjennom å bli lytta til, får påverke aktivitetar og kvardagen, og ved at personalet tilpassar opplegget etter barnas interesser og behov. Dette gir barna erfaring med demokrati, ansvar og fellesskap.

Samarbeid

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

(Rammeplanen kap 5)

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehagen ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet bestend av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene.

Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigheit vert lagt føre for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

I Valle barnehage blir Su og Fau representantar valgt på foreldremøte om hausten, Su representantar blir konstituert på felles Su møte i verksemda Indre/Nordre. Faste oppgåver til Su er blant anna å godkjenne årsplan og viss det skjer endringar so gjeld drifta skal dei vere orienterte.

Fau er foreldrerepresentar, dei er blant anna med på å arrangere sosiale sammenkomster i barnehagen.

Alle barna som begynner i Valle barnehage har iløpet av den første tida oppstartsamtale, vi snakkar om korleis den første tida har gått, og legg ein felles plan for tida framover.

Vi gir tilbod om foreldresamtalar to gongar i året, alle skal ha minimum ein samtale i året. Ved behov so tek foreldre eller pedagog kontakt for ekstra samtaler.

Vi har foreldremøte for alle foreldre kvar haust.

Hautfest og sommarfest er dei faste foreldre arrangementa som vi har i barnehagen, sommarfest er det Fau som arrangerer.

Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar

Regjeringen forventer – at kommuner og fylkeskommuner arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et helskapeleg tilbud. Godt tverrfaglig samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng.

(Meld.St. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeidar barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar som til dømes PPT, Barneverntenesta, Helsestasjonar, skular m.m.

Samarbeidsaktørar særskilt for Valle barnehage er blant anna Nav, arbeidstrening, brannvesen, bibliotek, Valle barneskule og Ålesund svømmeklubb.

Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt

Barnehagelova § 20 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 22 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det fins mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalt meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverge, §196, er einkvar forplikta til å søke å avverge ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det fremdeles er mogleg, og det framstår som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli begått. Den generelle avvergingsplikta gjeld også tilsette i barnehagen

Alle tilsette i barnehagen skal ha godkjend politiattest.

Overgangar

Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og godt start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.

(Rammeplanen kap 6)

Barnehagen er ein institusjon for omsorg, danning, leik og læring, og den skal bidra til ein god start på livet og livslang læring. I samarbeid med foreldre skal barnehagen leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god start på barnehagelivet. Når barnet kjenner seg trygg, vil det lettare ha fokus på utforskning, leik og læring.

Livet består av mange overgangar, men nokre er større og meir krevjande enn andre. Det å starte i barnehagen er ei stor omvelting for både born og foreldre. Overgangar er naudsynte og kan opplevast meningsfulle, men det krev at endringa er mest mogleg «forståeleg».

For barnet inneber dette ei oppleving av samanheng mellom heim og barnehage. Det må skapast kontakt og forbinding frå det kjente til det ukjente, og dei vaksne skal vere bindeledd og skape heilheit. Dette er forøvrig viktige faktorar også når born skal skifte avdeling/ gruppe innad i barnehagen.

«Rammeplan for barnehagen» (2017) fastslår at barnehagen skal:

Tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Personalet skal sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære. Mange born byrjar i barnehagen i ein alder der dei er spesielt sårbare når det gjeld separasjon frå mor og far. Ein eitt-åring har behov for støtte til å regulere egne kjensler, og dei har avgrensa kognitive føresetnadar til å forstå kva som skjer når foreldre forlet dei i barnehagen.

Gode relasjonar til personalet i barnehagen er med på å minske overveldande og utrygge opplevingar for barnet. Trygg tilknytning er når born oppfattar at dei vaksne er tilgjengelege for støtte, merksemd, beskytte og trøyste.

Tilvenning handlar i stor grad om å venne seg til nye rutinar og aktivitetar. Tilknytning handlar om å knyte seg kjenslemessig til ein, eller fleire, omsorgspersonar. Tilvenning kan gå relativt raskt, men tilknytning krev lenger tid.

I Valle barnehage oppmodar vi foreldra om å setje av god tid i starten av tilvenninga, slik at borne får høve til å bli trygg og kjent i eige tempo. Gode overgangar fordrar god dialog mellom foreldre og personale. Det skal brukast tid på å utveksle informasjon med kvarandre. Ein tilknytningsperson eller ein kontaktperson har hovudansvar for å knyte seg til barn og foreldre i starten, og denne vil vere som eit bindeledd mellom heim og barnehage. På sikt vil denne personen representere emosjonell tryggleik for barnet når mor og far er borte.

Overgangar i barnehagen

Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe. (Rammeplanen kap 6).

På Valle barnehage har vi kommende barnehageår berre ei avdeling. Men til vanlig har vi eit godt samarbeid på tvers av avdelingane gjennom heile året. På denne måten blir alle tilsette kjend med alle barna og overgangen blir ikkje så stor når barnet skal bytte avdeling. Iløpet av mai har vi overgangsamtale mellom pedagogane for dei barna som skal bytte avdeling.

Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.

(Rammeplanen kap 6)

I Ålesund kommune er det utarbeida ein plan for overgang frå barnehage til skule som alle dei kommunale barnehagane følg. Med utgangspunkt i den utarbeide Valle barnehage ein aktivitetsplan i samarbeid med Valle skule for kommande skuleår.

Samarbeid og samanheng

Barn og føresette i Ålesund skal føle seg trygge på at både barnehage og skule gjer sitt beste for å skape kontinuitet og samanheng i opplæringsløpet, og at kvart enkelt barn vert sikra ein god overgang frå barnehage til skule. Dette krev tett samarbeid med barna og dei føresette, og mellom tilsette i barnehagen, skulen og SFO.

Føresette har ei avgjerande viktig rolle i overgangen i forhold til å vere ein støttespelar for barnet og samarbeide tett med dei tilsette i barnehage, skule og SFO.

Valle barnehage og Valle skule utarbeider ein samarbeidsplan som foreldre får tilsendt iløpet av hausten, dette for å sikre eit godt samarbeid mellom barnehagen og nærskulen.

Dette kan du forvente det siste året før barnet startar i skulen:

- At barnehagen har eit eige pedagogisk opplegg for skulestartarane.
- At barnet ditt vert invitert til arrangement og besøk i skulen.
- At dei tilsette ved barnehagane og skulane samarbeider om ein trygg overgang til skulen.
- At overgang til skule, er tema i siste foreldresamtale våren før skulestart.
- At all informasjon som vert utveksla mellom barnehage og skule om ditt barn er godkjent av deg som føresett.
- At barnehagetida vert avslutta på ein god måte.

Her er lenka som du kan følgje for å kome inn på brosjyra om overgang frå barnehage til skule:

alesund.kommune.no/barnehage-og-skole/barnehage/overgang-fra-barnehage-til-skole-og-sfo/

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.

Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. (Rammeplan kap 7)

Planlegging

Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe. (Rammeplan kap 7)

- Planlegging gir personalet et godt grunnlag for å jobbe langsiktig og systematisk med det pedagogiske arbeidet. Det bidrar til kontinuitet og progresjon, og gir rom for refleksjon og utvikling. Planarbeidet vårt bygger på barnehagelova, rammeplanen, nasjonale føringer, relevant teori og forskning, samt barnehagens årsplan.
- I tillegg baserer vi planleggingen på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, vurdering og samtaler med barn og foreldre. Kvar haust bruker de ansatte tid på å bli godt kjent med barna og kartlegge deres interesser og behov. Etter nokre veke starter vi planleggingen av aktiviteter for de kommande veke og månedane.
- Sjølv om temaer og prosjektarbeid kan vere de samme fra år til år, vil innhald, aktivitetar og arbeidsmåter alltid tilpassas den aktuelle barnegruppa og deira interesser og forutsetningar. Refleksjon og vurdering er ein viktig del av planarbeidet, og gir et godt grunnlag for utvikling og endring.
- Det pedagogiske arbeidet planlegges på avdelingsmøter, ledermøter, personalmøter, planleggingsdager og i den avsatte plantiden for pedagoger og assistenter. I tillegg planlegger vi fortløpende i kvardagen, og justerer planer ved behov.
- Alle avdelinger har en Periodeplan, månedsplan og vekeplan dei jobber etter, i tillegg får foreldre eit månedsbrev.

Vurdering

Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift.

(Rammeplan kap 7)

Planlegging, dokumentering og vurdering i Valle barnehage

Planlegging av aktivitetar i tråd med:

Rammeplan.

Årsplan.

Prosjektplan.

Månedspan/vekeplan.

Alle tilsette i Valle barnehage har avsett tid til dette arbeidet. Planleggingsskjema med utgangspunkt i kva, kvifor og korleis. Vi brukar og den didaktiske relasjonsmodellen i planlegginga vår.

Føresetnadar ein tek omsyn til i planlegginga:

Barnegruppa sitt behov.

Einskildbarn sitt behov.

Tal på barn.

Tal på vaksne.

Tilgjengeleg utstyr, rom og liknande.

Pedagogisk verkøy i barnehagen:

Snakkepakken.

Inped-aktivitetskort.

Inped-samtalekort.

Språkkista.

Barnehagebibliotek.

Pedagogisk dokumentasjon er:

Dokumentasjon som skal nyttast til grunnlag for vurdering og refleksjon av eigen praksis.

Dette kan vere:

Dokumentasjon i IST.
Månadsbrev.
Kartlegging ved hjelp av «TRAS» og «Alle Med» ved behov. Dette skal alltid godkjennast av foreldre.

Vurdering:

Etter aktivitetar som er planlagt med planleggingsskjema.

Den daglege drifta vurderast jamleg i ped. leiarmøte, team-møter og personalmøter, som er våre møtefora.

Evaluering på planleggingsdagar.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlige integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om egne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande. (Rammeplan kap 7)

Dokumentasjon skal gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndede informasjon om kva barn opplever, erfarer og lærer og gjer i barnehagen, samt vise korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Dokumentasjon er ein veldig viktig del av arbeidet vi gjer i barnehagen. Skal vi utvikle oss må vi planlegge, vurdere og dokumentere arbeidet som vi gjer, dette skaper progresjon og utvikling. Har vi samtalar eller møter skal disse dokumenterast og lagrast på faste plassar, denne dokumentasjonen er viktig for vidare utvikling.

Vi dokumenterer blant anna gjennom månadsbrev, bilete, produkt som barna lagar og gjennom vekentlige oppsummeringer i IST daglig dialog. Dei tilsette utarbeider og evaluerer planar i forbindelse med aktivitetane som vi gjer i barnehagen, dette er god dokumentasjon med tanke på vidare utvikling. Årsplan og rammeplan legger føring for det vi planlegg og dokumenterar i barnehagen. I tillegg dokumenterar vi det daglege pedagogiske arbeidet ilag med barna, ved hjelp av bilde. Vi har fokus på å ta bilde av aktivitet og hendingar framfor enkeltbarn og portrett. Dette for å ha fokuset på det pedagogiske arbeidet.



Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barna sine behov og føresetnader, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap. Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbudet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbudet.

(Rammeplan kap 7)

Ålesund kommune ynskje å gi alle barn eit likeverdig tilbod med høg kvalitet og god praksis. Eit likeverdig tilbod vil krevje både tilretteleggingar og lokale tilpassingar av innhald. Tidleg innsats handlar om eit godt pedagogisk tilbod og tilpassa omsorg til alle barn. Kvaliteten handlar om dei opplevingar og erfaringar både barn, foreldre og tilsette har av tilbodet som vert gitt, og blir skapt gjennom samhandling.

Når vi planlegg det pedagogiske tilbudet i barnehagen, planlegg vi eit tilbod som skal passe til alle barna på gruppa, det skal vere eit allmennpedagogisk tilbod. Vi arbeidar målretta for at dei barna som treng ekstra støtte får det i eit meningsfullt fellesskap med dei andre barna i barnehagen.

Viss det er nokon som ikkje får dekkja sine behov innanfor det allmennpedagogiske arbeidet, drøftar vi retten til å krevje ei sakkyndig vurdering ilag med foreldra.

Dei som mottek spesialpedagogisk hjelp, skal inkluderast i barnegruppa ilag med dei andre barna i gruppa, alle skal vere ein del av gruppa der dei er i si utvikling.

I Valle barnehage tilrettelegger vi det allmennpedagogiske tilbudet for barna som treng ekstra støtte gjennom blant anna:

1. Dagtavle for alle barna
2. Inndeling i grupper deler av dagen
3. Leikegrupper

Arbeidsmåtene til barnehagen

Progresjon

Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. (Rammeplan kap 8)

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barn skal kunne oppleve progresjon i barnehagens innhald og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte leike, aktivitets og læringsmuligheter. Barna i Valle barnehage skal få tilpassa sine utfordringar, erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheiter. Dette skjer i kvardagen vår men og i temaarbeid, prosjektarbeid og barnemøter

Fagområda

Valle barnehage sitt arbeid med dei sju fagområda.

Rammeplanen har sju fagområde som barnehagen skal jobbe med. Eit fagområde vil sjeldan opptre åleine. Vi arbeider tverrfagleg, gjennom varierte prosessar og arbeidsmåtar. Det er viktig med progresjon, variasjon og tilrettelegging med tanke på barna sine ulike behov. Dei ulike faga vil gli over i kvarandre, og verte ein naturleg del av ei leikprega læring. Vi vil gjennom ulik dokumentasjon og vurdering vise korleis barna har fått varierte opplevingar med dei ulike faga.

Kunst, kultur og kreativitet

Fagområdet handlar mellom anna om opplevingar med uttrykksformer som kunst, teater, musikk og dans, litteratur og arkitektur. Og ikkje minst om barna sitt eige uttrykk. Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhørslø, deltaking og eige skapande arbeid. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksprimentering.

Natur, miljø og teknikk

Barna får høve til å eksperimentere, få kunnskap, innsikt og opplevingar gjennom naturen og nærmiljøet. Barna skal få erfaringar i korleis teknikk kan brukast i kvardagen og leiken. Naturen gjev rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver. Naturen er ei kjelde til vakre opplevingar og gir inspirasjon til estetiske uttrykk. Vi er nysgjerrige og forskar på det vi oppdagar ute. Slik får vi stadig meir kunnskap om dyr, vekstar, naturfenomen og samspelet i naturen og mellom naturen og menneska.

Etikk, religion og filosofi

Dette er eit omfattande og viktig fagområde. Det handlar om korleis vi stiller (forheld) oss til kvarandre. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.

Barn undrar seg over mange tema, og gjerne det vi vaksne kallar eksistensielle spørsmål. I barnehagen gjev vi tid og rom til slike samtalar med barna. Respekten for liv er grunnleggjande og noko vi lærer barna. Vi ønsker å bidra til respekt for alle menneske gjennom kjennskap til, kunnskap om og forståing for andre kulturar og religionar. I samtale med barna prøver vi å stille opne spørsmål, slik at barna sine eigne tankar og svar får plass. Slik er vi med å byggjer identitet og sjølvbiletet til kvart einskild barn, og gjev basis for gode verdiar og haldningar. Barna skal verte møtt av anerkjennande og respektfulle vaksne og den daglege omgangsforma skal bere preg av dette. Med dette meiner vi at barna da lærer seg å anerkjenne og respektere andre.

Nærmiljø og samfunn

Barns medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er ein del av fagområdet. Å sjå seg sjølv i forhold til andre og i forhold til miljøet er ein viktig del av det å utvikle ein trygg identitet. Vi brukar lokalsamfunnet aktivt, og gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet skal barna få kjennskap til samfunnet rundt seg. Vi bruker brannstasjon, biblioteket, kommunehus, kyrkje, skule, andre barnehagar m.m.

Kommunikasjon, språk og tekst

Barnehagen skal arbeide bevisst med å støtte barna si språklege utvikling, og utvikle barna si evne til å kommunisere med andre på ein presis og variert måte. Gjennom språket gir barna uttrykk for tankar, kjensler og meiningar. Språket er identitetsdannande og barnehagen skal gi eit godt språkmiljø. Vi er opptekne av å ha eit rikt og godt språkmiljø med mykje bruk av snakkepakken, språksprell, høgtlesing og gode samtalar med barna. Lydar, rytme i språket, tal og bokstavar, tekst og bilete er døme på ulike måtar vi nærmar oss dette fagområdet på.

Kropp, rørsle, mat og helse

Vaner og handlingsmønstre tek form allereie frå tidlig alder. Gode vaner som tileignast i barnehagealder kan vare livet ut. Barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve glede ved å bevege seg, matglede, matkultur, mentalt og sosialt

velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast der dei kan få vere i bevegelse, leik og sosial samhandling og oppleve motivasjon og meistring ut i frå eigen føresetnadar. Barnehagen skal bidra til at barn blir kjend med kroppen sin og utviklar medvit om eigne og andre sine grenser. Gjennom medverknad i mat- og måltidsaktiviteter skal barna motiverast til å spise sunn mat og få grunnleggjande forståelse for korleis sunn mat kan bidra til god helse. Vi nyttar til dømes gymsal, dei ulike leikeplassane våre og naturområda i nærmiljøet. Vi har uteleik, tur dagar, ski, ake og aktivitetsdagar kor barnehagen legg vekt på å gje barna varierte opplevingar med ulike årstider, natur og terreng. Barnehagen legg vekt på å servere sunne måltid. Vi har grovt knekkebrød, brød og variert pålegg og varmmat med utgangspunkt i sunne råvarer.

Mengd, rom og form

Gjennom leik, kvardagsaktivitetar og eksperimentering skal barna få moglegheit til å utvikle den matematiske kompetansen sin. Vi vil skape eit miljø som set fokus på samanhengar, størrelse, form, system, sortering, matematisk samtale og refleksjon gjennom leikeprega læring. Barna tel, sorterer og orienterer seg naturleg i høve tal, former og rom på mange ulike måtar. Å telje kan vi gjere over alt, og former kan vi jakte på når som helst. Denne naturleg gryande matematiske interessa stimulerer vi dagleg ved å vere nysgjerrige saman ved barna.

Årshjul

Valle barnehage

- Planleggingsdag 15.08.25
- Foreldremøte 02.09.25
- Planleggingsdag 10.09.25
- Haustfest 24.09.25
- Nissefest 27.11.25
- Luciafest 12.12.25
- Planleggingsdag 16.01.26
- Samenes nasjonaldag 06.02.26
- Karneval/temafest 27.02.26
- Planleggingsdag 09.03.26
- Gul fest 26.03.26
- Prøve 17. mai 13.05.26

Kjelder

Rammeplan for barnehagen:

www.udir.no/contentassets/7c4387bb50314f33b828789ed767329e/rammeplan-for-barnehagen---nynorsk-pdf.pdf

Lov om barnehagar:

lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64

Stortingsmelding nr 6:

www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/

FN's berekraftsmål:

www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal

Barnekonvensjonen:

www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen

